

|  |  |
|--|--|
| <p><b>Periode:</b></p>   | <p>April og mai 2024</p>   |
| <p><b>Utgangspunkt i rammeplanen:</b></p>  | <p><b>Berekraftig utvikling</b> (s 10)<br/>                 Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gje omsorg og ta vare på omgjevnadane og naturen.</p> <p><b>Nærmiljø og samfunn</b> (s 55-57)<br/>                 Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.</p> <p><b>Natur, miljø og teknologi</b> (s 52)<br/>                 Barnehagen skal bidra til at barna får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen.</p>  |
| <p><b>Hovudmål:</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• gje barna kunnskap om sitt eige nærrområde, og korleis naturen utviklar seg i nærmiljøet vårt</li> <li>• gje barna kunnskap om bakgrunn for Norge sin nasjonaldag</li> <li>• skape interesse for og bidra til forståing og toleranse for forskjellige kulturar og ulike måtar å leve på</li> </ul>  |
| <p><b>Delmål:</b></p>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• barna skal få opplevingar knytt til noko av det som er typisk for byen vår og området rundt, og lære å ta omsyn til naturen i samsvar med verdiar om berekraftig utvikling</li> <li>• barna skal få innblikk i 17. maitradisjonar, kvifor vi feirar 17. mai og kva demokrati er</li> <li>• barna skal få kunnskap om dei ulike land og kulturar som barn og vaksne på avdelinga har tilknytning til</li> </ul>  |
| <p><b>Aktuelle aktivitetar:</b></p> <p><b>(avdelingane vel aktivitetar tilpassa barnegruppa innanfor kvart av dei tre hovudområda)</b></p> | <p><b>Nærmiljø:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• turar til kjende bygningar el stadar i Førde</li> <li>• lære om natur og typiske vårteikn i og rundt byen vår; t.d. hestehov, kvitveis, knoppar og blad på trea, stokkender i Løken, sauer og lam på beite</li> <li>• lære barna å ta omsyn til dyr, insekt og plantar, så frø/plante</li> <li>• fortelje om kommunen vår, sjå på bilete av ordførar, kommunevåpen, gå på tur og sjå på rådhuset, snakke om verdiane og visjon til Sunnfjord kommune og kva desse betyr for oss «Saman blir vi drivande gode», Sunnfjordsongen</li> <li>• skuleførebuing for førskulebarna; bli kjende med skuleplassen, besøk på skulen, samtale, bøker og songar om skulen</li> </ul> <p><b>Mangfald:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• informasjon om land/kultur som barn og vaksne på avdelinga har tilknytning til</li> <li>• velje aktivitetar i dialog med foreldre. Dette kan t.d. vere: Bruk av flagg, globus og kart. Lære å telje til 10, og enkle ord på dei ulike språka som er representert på avdelinga. Fortelje eventyr frå dei land som barna har tilknytning til. Vise bilde frå natur, informasjon om klima. Lage matrettar typisk for landet/kulturen. Lytte til musikk typisk for landet/kulturen.</li> </ul> |

**Eid al Fitr 10. april:**

- formidle til barna om kva Eid al-Fitr er og korleis det er vanleg å feire denne høgtida (dette blir gjort på dei avdelingar som har barn eller vaksne som feirer denne høgtida)

**Norge sin nasjonaldag 17. mai:**

- syngje 17. mai songar: «Ja vi elsker», «17. maisang for de små», «Hurra for Norge»
- formidle om 17. mai; fortelje, lese, dramatisere; nytte «17. maiboka» «Karsten og Petra hilser på kongen» m.fl.
- fortelje om kva demokrati er, og undre seg over omgrepa demokrati og medbestemming vs å bestemme
- lære 17. mairopet og Ytre Hafstad barnehage sin song
- barnedugnad; rydde på leikeplassen og utanfor gjerdet før 17. mai, pynte barnehagen til 17.mai
- 16. mai: vi øver på å gå i tog bak fana, syng, har hurra-rop og tar med flagg